

Referat 25. november 2016

Møte på Skype.

Til stades: Lisbeth Morlandstø, Magnus Hoem Iversen, Lin Prøitz, Ragnhild Mølster, Svein Høier og Terje Skjerdal (ref).

1. Godkjenning av innkalling

Ok

2. Godkjenning av referat 18. oktober 2016

Ok

3. Konstituering av styret

Styret er alt konstituert i og med valet på generalforsamlinga i Bergen 20. oktober 2016, og her er oversikta:

	Verv	Valperiode	Institusjon	Epost
Lisbeth Morlandstø	Leiar	2016-18	Nord universitet	lisbeth.morlandsto@nord.no
Ragnhild Mølster	Nestleiar	Permanent (observatør, Nordicom)	Universitetet i Bergen	ragnhild.molster@infomedia.uib.no
Magnus Hoem Iversen	Kasserar	2016-18	Universitetet i Bergen	magnus.iversen@uib.no
Terje Skjerdal	Sekretær	2016-18	NLA Høgskolen	terje.skjerdal@nla.no
Roswitha Skare	Styremedlem	2015-17	Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet	roswitha.skare@uit.no
Lin Prøitz	Styremedlem	2016-18	Universitetet i Oslo	lin.proitz@stk.uio.no
Tine Eide	Styremedlem	2016-18	Høgskolen i Oslo og Akershus	tine.eide@hioa.no
Anne Mette Bjørgen	Varamedlem	2016-18	Høgskolen i Lillehammer	anne-mette.bjorgen@hil.no
Svein Høier	Varamedlem	2015-17	NTNU	svein.hoier@ntnu.no
Anders Fagerjord	Varamedlem	2015-17	Universitetet i Oslo	anders.fagerjord@media.uio.no

4. Kort evaluering av mediekonferansen i Bergen 20.-21. oktober 2016

Styret gav tilbakemeldingar til Ragnhild og Magnus, som representerte arrangementskomiteen. Gode plenumssamlingar, gode gruppesesjonar. Vel gjennomført konferanse på alle måtar, så langt styret

kan bedøma. Rekneskapan går i pluss i høve budsjettet. Arrangementskomiteen skriv evalueringsrapport som vert lagd på nettsida til NML. Ros for vel gjennomført konferanse!

5. Oppfølging av saker frå generalforsamlinga 20. oktober 2016

- a) Ledig studentassistentstilling: Lisbeth følgjer opp.
- b) Oppdatering av epostlister: Terje tek kontakt med Paul Bjerke og Håvard Vibeto (frå det tidlegare styret) og Edith Dombek i Universitetsforlaget for å få oppdaterte medlemslister for NML og dermed kunna oppdatera epostlista.

6. Oppfølging av prisen for beste masteroppgåve (utdelt på medieforskarkonferansen)

Prisen gjekk Amira Bajrektarevics (Universitetet i Bergen) for oppgåva «Dødelig attraktivt» (om Dabiq, magasinet til IS). NML vil ikkje krevja rapport for prisen (10 000 kr), men ei kort skisse om kva pengane er planlagt å gå til bør leggjast på nettsida, saman med grunngjevinga for prisen.

7. Budsjettet til Medietidsskriftet

Redaksjonen har varsla at det ikkje nødvendigvis er nokon økonomisk vinst i overgangen til open publisering («open access»). Lisbeth tek kontakt med avtroppande redaktør Steen Steensen for å drøfta kva det inneber for NML.

8. Medlemsrekruttering

Representantar frå det gamle styret gjorde greie for kva som er gjort den siste tida (medlemstalet har auka monaleg det siste året). Styret samtalte om kva som bør ha spesielt fokus vidare. Det gratis «prøvemedlemskapsåret» til ferdige masterstudentar bør kommuniserast betre. Endå viktigare er det likevel å få PhD-studentar som medlemmer – det er dei som er framtidens medieforskarar.

9. Møteplan våren 2017

- 10. januar 14-15
- 14. februar 14-15
- 14. mars 14-15
- 4. april – NB – fysisk møte i Bodø
- 9. mai 14-15
- 13. juni 14-15

Terje Skjerdal (ref)